



DET KONGELIGE
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Arbeids- og sosialkomiteen i Stortinget
Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Deres ref
2021/3989

Vår ref
21/3612-

Dato
11. november 2021

Svar på representantforslag 10 S (2021-2022) fra stortingsrepresentant Mímir Kristjánsson om å hindre at AAP-mottakere blir kastet ut i fattigdom (Dokument 8:10 S (2021-2022))

I dokument 8:10S vert det fremja forslag om å sikre at personar som ikkje er ferdig avklart frå NAV og/ eller helsevesenet innan perioda dei kan få arbeidsavklaringspenger får stønadsperioda forlenga. Det vert vidare fremja forslag om snarast å la personar som har mista rett til stønaden utan å vere ferdig avklart til arbeid, få igjen stønaden.

Regjeringa vil, som det også går fram av Hurdalsplattforma, sørgje for at personar som har AAP får forlenga si stønadsperiode dersom dei ikkje er ferdig avklart frå NAV eller helsevesenet. Departementet har starta eit arbeid med å vurdere ulike tiltak for å ivareta denne gruppa. Dette er også varsla i Regjeringas tilleggsproposisjon til statsbudsjett for 2022 som vart lagt fram for Stortinget 8. november. Det vil vere naudsynt med endringar i lova for å følgje opp punktet i Hurdalsplattforma. Vi tek sikte på å fremje naudsynte framlegg til endringar i lova for Stortinget så snart som mogeleg.

Regjeringa Solberg innførte i to runder koronatiltak for mottakarar av arbeidsavklaringspenger etter folketrygdlova § 11-12 (under arbeidsavklaring). Alle mottakarar i perioda 16. mars til 31. oktober 2020 fekk stønadsperioda forlenga med seks månadar. Det vart i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2021 på ny innført tiltak for personar som får arbeidsavklaringspenger under arbeidsavklaring. Tiltaket innebar at det vart gjeve rett til forlenga stønadsperiode ut september 2021 for mottakarar som gjekk ut si stønadsperiode mellom 1. juli og 29. september.

Regjeringa fremja i Prop. 7 LS forslag om at mottakarar av arbeidsavklaringspenger som fekk stønadsperioden forlenga til 30. september 2021 kan få stønadsperioda forlenga fra 1.

oktober til 31. desember 2021. Samstundes vil dei som går ut av ordninga i perioda frå 1. oktober og ut året også kunne få stønadsperioda forlenga. Stortinget vedtok forslaget 28. oktober 2021.

Regjeringa har i tilleggsproposisjon til statsbudsjett for 2022 også fremja forslag om ytterlegare forlenga stønadsperioden slik at ingen går ut av AAP-ordninga etter folketrygdlova § 11-12 i perioda frå årsskiftet til 30. juni 2022 med mindre dei er ferdig avklart.

Med hilsen

A handwritten signature in blue ink. The signature is stylized, starting with a large 'H' and 'T' that are connected, followed by 'adia' and 'ajik' in a cursive script.

Hadia Tajik